

Andreas Hompland:

FRAMSTEG

Kulturelle og sosiologiske perspektiv på regionalisering

Ivar Aasen-minneforedraget 2006

Salen, Ivar Aasen-tunet

Dei Nynorske Festspela 2006, fredag 23. juni 2006

Gode sunnmøringar - og tilliggande herligheter.

Det er blitt ein populær sport å knekka kodar. Det har eg óg sett meg føre å gjera. Eg vil prøva å knekka desse tre kodane:

- * Sunnmørskoden
- * Den norske regional-koden
- * Fremskritt-koden

Påstanden min er at desse tre kodane har mye felles og er runnen av historiske røter som stikk djupt i det norske jordsmonnet, for ikkje å seia folkesjela. Det som er felles, kan me leita etter i ordpara: sentrum/periferi, elite/folk, lærd/lek, dei/vi. Kall det gjerne ein opposisjonell og motkulturell mentalitet, ei mistru utanfrå og nedanfrå mot det og dei som er innanfor og ovanpå, og som sit med det kulturelle hegemoniet, språket og makta.

Eg kjem ikkje til å tala direkte om Ivar Aasen, men prosjektet hans tonar i bakgrunnen. I minnet. Og i noen sitat.

SUNNMØRSKODEN

Som dokke veit godt, er sunnmøringar Norges mest foretaksomme, framgangsrike og beundra folkeslag. Som dei seier i Trøndelag: "Du kainn spiker en sunnmøring på flate fjøsvæggen - jaggju leve'n og bli feit!"

Men som alle som har lese sin Mykle veit, er sunnmøringane også Norges mest forhatte menneske. Dei har ein eigen, besynderlig evne til å spre redsle og dårlig samvit blant nordmenn. Dei maktar å halda resten av folket i ein tilstand av evig terror. Dei har klart det Danmark aldri ordentlig prøvde seg på, og det Sverige mislukkast med: Dei har erobra Norge. Dei gjorde det ikkje på klassisk vis. Dei braut seg ikkje inn og skræva over Langfjella. Dei siva inn - via skulestovene. Dei gjennomførte det osmotiske kuppet. Dei har meir makt enn ein skulle tru, og meir enn dei andre liker. Men likevel er dei misnøgde. Alt dette ifølge Agnar Mykle, fødd Myklebust.

Sunnmøringane er robuste, uthaldande og seige. Dertil har dei handlag og praktisk sans, og dei er lærenemme. Dei er ikkje så audmjuke at det gjer noe, og dei er sjølstendige. Dei er rett og slett best, dei veit det sjøl og er stolte av det. Derfor har dei andre mye å læra av sunnmøringen og hans framsteg, meiner sunnmøringen. Når dei andre ikkje vil bruka sunnmøringen som forbilde, er det fordi dei andre er lite tiltakslystne eller sjølgode og hovmodige, meiner sunnmøringen. Det siste gjeld særlig dei austpå - og særlig dei i Oslofjordbotn. Derfor bruker Sunnmøre Langfjella som klagemur. Sunnmøringen er foruretta, for han kunne fått til så mye meir, om det ikkje hadde vore for dei der inne som legg kjelkar i vegen med dumme påfunn, ubrukelige rammevilkår og stivt kontorstyre. Og som sveiper seg i urban arroganse.

Så dette er sunnmøringen i eit nøtteskal: Tru på egne evner og eige verd, at vi har noe som er annleis og betre enn det dei har. Men dei viser oss ikkje respekt. Dei hindrar og herftar oss slik at vi ikkje får sleppa til med alt vi kunne ha fått utretta. Når vi likevel får til så mye, er det som på trass, mot alle forventningar. Mot normalt.

I sunnmørskoden er det dei der inne som er nøtta.

DEN REGIONALE KODEN

Sunnmøringen er sjølsagt eineståande, men likvel ikkje heilt unik. Sunnmøringen er bare så mye meir av det så mange andre distrikts-regionar i dette landet gjerne vil vera. Eller meiner at dei kunne ha vore om dei ikkje hadde vore så vanvyrde og hundsa av dei der inne at motløysa har kome sigande.

For å få tak på noe av grunnlaget for distriktas relativt sterke posisjon, og på korfor denne er i ferd med å tapa mye av si positive kraft, må me gå mentalitets-historisk til verks.

Den bufaste bonden

Landbygda og distrikta har stått sterkt i Norge. Då den norske nasjonen skulle konstruerast på 1800-talet, hadde me få bemerkelsesverdige institusjonar og ingen eigen bykultur å bygga på. Det særigne vi hadde, var odelsbonden, og bygda var hans biotop. Det norske blei tufta på ideologien om den bufaste bonden, i motsetning til farande fantar, innvandra embetsmenn og byborgarar som var orientert utover. Derfor blei bygda arnestaden for det norske, mens det kvilte noe mistenkelig over byar og bynæringar.

Den norske bygda lærte å sjå seg sjøl som det gode, det norske og det verdifulle i motsetning til det vonde, det unorske og umoralske som byen stod for. Bygda hadde sosiale og moralske kvalitetar og ei livsform som var betre. Ein norsk parlamentarisk frå periferien drog ikkje til hovudstaden for å la seg hundsa og belæra. Han drog som misjonær, som det godes utsending i det syndige.

Den norske nasjonalismen har vore spesiell i europeisk samanheng fordi det er ein bygde- og bondenasjonalisme. Det lukta ikkje pjolter og militærstøvlar, men fjøs og fisk av den norske nasjonalismen; og etter kvart også av det norske parlamentet og regjeringa.

Heimekjære bønder og utflytta og utdanna bygdefolk med seminaristane i spissen tok leiinga i den nasjonale markeringa med sin nasjonal-populistiske ideologiske pakke. Arbeiderpartiet slo også gjennom som eit utkantparti for ein allianse av arbeidarar, fiskarar og småbrukarar. Norsk politikk blei prega av eit sentrum-venstre-kompromiss: Dei såkalla sentrumspartia med sin styrke i periferien sa ja til sosial utjamning av klassegrenser, mot at det etter-revolusjonære Arbeiderpartiet gjekk inn for geografisk utjamning av levkår. Utvikling og framsteg på norsk var ein politikk med distriktsorientering. Der budde folket, der var jorda, skogen, malmen, fossekrafta og fisken. Og oljå.

Periferiens overtak på sentrum

Spreidd busetting har ikkje bare vore ein historisk, ressursmessig nødvendighet og ei økonomisk tilpassingsform i Norge. Det fekk også symbolsk dominans og politisk eigenverdi - organisatorisk nedfelt i parlamentarisk over-representasjon for spreiddbygde distrikt. Den gode norske livskvaliteten var plassert i distrikta; jo meir spreidd, jo betre. Norsk politikk har aldri vore begripelig ut frå dei klassiske motsetningane mellom arbeid og kapital, og mellom produsent og forbrukar. Spenninga mellom sentrum og periferi må legkast til - som territoriell, men vel så mye som kulturell opposisjon. Det var tale om "dei to kulturane".

I periodar med gode politiske konjunkturar for periferien har dette innebore ein slags utkantens siger over sentrum - sigrar som har gitt både symbolske og materielle resultat. Den første EF-striden blei på norsk kopla saman med den periferibaserte politiske tradisjonen. Norsk næringspolitikk, som i den første etterkrigstida hadde bygd på tesen om sentralisering for å skapa framgang, blei definert om på 70-talet. "Opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret" blei den overordna nasjonale målsettinga for norsk regionalpolitikk. Landbruket fekk ein ny giv og statlig inntektsgaranti, men langt viktigare var den oljepengebaserte utbygginga av infrastrukturen, boligstandarden og det kommunale velferdsapparatet - noe som i neste omgang i seg sjøl blei eit argument for å føra vidare ein distriktsvennlig nærings- og

busettingspolitikk. Resultata har som kjent ikkje alltid vore i tråd med intensjonane, men mye av retorikken har vart ved, og den politiske viljen plar bli demonstrert ved kvar nye Stortingsmelding om regional- og distriktpolitikken - med nye mote-element som innovasjon, kvinneretting og entreprenørskap lagt til. Som i Åslaug Hagas nylig framlagde melding med ein smak av Soria Moria, og etter Senterparti-oppskrift om å ta heile landet i bruk - til toner frå den engelske TV-serien "Heartbeat" i beste sendetid på NRK-lørdagar blir det "Med hjarte for heile landet".

I den norske regional-koden er det dei der oppe som har vore problemet - i tillegg til dei der inne.

Det store kappeskiftet

**Der er so mange Hendingar i Bygdom komne til;
me sjaa so mange Vendingar alt paa eit litet Bil.
Dei hava snutt om Vollarne og flutt og rudt og bygt;
Men dei gode gamle Kollarne dei standa lika trygt.**

Dei gjer jo ikkje det, dei gamle merkesteinane. Dei står ikkje like traust, for dei står i vegen. Dei gjer ikkje hugen glad. Derfor er dei gjennomhola. Eit av hola endar rett bortantfor Aasen-tunet i ei rundkøyring til flyplassen, Vinmonopolet og Bygebyen.

Norske distrikt møter ikkje det nye årtusenet med basis i den klassiske bygdestyrken. Grunnlaget for den er langt på veg avvikla. Bygdene har skifta både ham og kappe. Det er ikkje spreidd-bygde og agrare område som er tyngdepunktet i norske bygder; det er bygdebyane og deira omland. Dei er materielle spor etter kommunereguleringar, velstandsutvikling og regional utjamning som har spreidd bilar, ferdighus og arbeidsplassar i offentlig administrasjon, skule, tenesteyting, reiseliv og handel utover det norske bygdelandskapet. Til ergrelse for noen, men til stor signing og framgang for folk flest.

Bygdebyen gjer bygd og by meir lik kvarandre i næringsstruktur, i yrke, i buform, i forbruk, i stil og smak, i kommunikasjon og sosiale samhandlingsmønster. Dei er prega av at bygdas gamle sosiale former og nettverk - det som dei innfødde meiner fantest før - det finnest knapt lenger. Der er ikkje kjenningar i kvar ei krå, og du slepp ikkje inn kvar du ville.

Nyare bu- og livsformer både i bygdebyen og på den spreidde landsbygda er skapt omkring private løysingar rundt parallell organisering av jobb, konsum, hus, familie og oppvekst. Dei viktigaste nettverka er fellesskap i fase. Lagsarbeid og omgangskrets er noe ein er med i utan nærhet og naboskap som bindeledd. Det er bilen som bind saman dei vidt utstekte nettverka. Nærmiljøet blir i stadig større grad eit delområde som taper i konkurransen om tid og forpliktelse med andre aktivitetsfelt. Lokalsamfunnet blir fragmentert. I dette kappeskiftet blir bygda og lokalsamfunnet meir av ein tilfeldig buramme for mobile menneske. Kravet og forventninga til bygda er ikkje tilhøyrighet eller særpreg, men rimelig og rettvis tilgang på standardiserte varer, tenester og muligheter for kvar enkelt. Det heiter ikkje vi no lenger; det heiter eg.

Dette er ei side av framsteget. Derfor må den regionale koden omkodast.

Styrken som blei til svakhet

Det paradoksale er at den historiske styrken til dei norske bygdene er i ferd med å bli deira svakhet. Dei har hatt vilje og evne og politisk kraft til å kvitta seg med etterslepet i høve til byane. Til gjengjeld har mye av særpreget blitt borte under veksten inn i det felles norske velstandsamfunnet. Det har vore ein side-effekt av den store målsettinga om større likhet i tilgang på goder.

Bygdene er blitt ein del av det nasjonale utdannings-, forbrukar- og mediesamfunnet. I same slengen er

dei i ferd med å falla frå kvarandre i sektorar, næringar, private interesser og individuelle livsløp. Distrikta har fått så likelig del i dei nasjonale standardane at det er i ferd med å grava grunnen unna kravet om at det er viktig at bygdene overlever fordi dei er så forskjellige og til saman utgjør eit nasjonalt mangfald.

Det har vore eit krav om sosial og geografisk rettferd at folk i distrikta skulle ha same velferdsgoder som i sentrale strøk. Ideen bak har vore at når livsvilkåra blei jamnare og forskjellane mindre, ville det føra til mindre flytting frå distrikta til sentrale strøk. Det er teikn som tyder på at det er motsett: Når forskjellane minkar, blir steget mindre og fleire flyttar. I alle fall er det fleire som drar frå distrikt til by for tida - særleg jenter. Ungdom flyttar av trang - ikkje av tvang. Og det er slett ikkje alle som etter ei tid får hug til si heimlege strand.

To tankar i hodet

Utviklinga mot meir nasjonal homogenisering og meir lokal heterogenisering, som eg i sosiologfaglig samanheng har kalla rurbanisering, er tung. Eg vil likevel prøva å få fram to sider av saka:

Den eine er at dette landet er meir standardisert enn mange til vanlig tenker seg. Forskjellane mellom regionar og mellom by og land blir mindre og mindre - både i utsjånad og inni hodene til folk flest. I stadig større grad har ein same ideal om eit godt liv - og stadig større muligheter til å setta dei ut i livet. Jamt fordelt velstand, nasjonale medier, nasjonale varehuskjedar og betre kommunikasjon er sentrale grunnar til det.

Det er det første poenget: At det ser meir likt ut i det ytre. Det er ofte ei slags overrasking for den som kjem uførebudd - uttrykt i mang ein rapport frå urbanistar på landtur.

Det andre poenget er at det kanskje ikkje er så likt likevel dersom ein ser under yta. At der er kulturelle understraumar som gjer at ein kjem feil ut dersom ein tar den ytre likheta for god fisk - enten ein er sosiolog eller regionalpolitikar. Eller profesjonell merkevarebygger. Det er slike som for noen hundre tusen tar på seg å koma opp med ein salbar lokal identitet, som i den for Rauma kommune som bygger på dei heilt unike verdiane: oppmerksom, ekte, samarbeidsvillig.

Dei vanskelige utfordringane

Norsk distriktpolitikk er i mange alvorlige klemmer - i tillegg til dei demografiske, kulturelle og sosiale utfordringane.

Den teknologiske utfordringa er å finna nøkkelen til kordan informasjonsteknologien kan vera svaret på avstandsulemper. Så langt har det vist seg å vera motsett: Både folk og maskinar klumpar seg saman.

Den kunnskapsmessige utfordringa for distrikta er å trekka til seg og halda på folk med ferdigheter og kompetanse som er tilpassa konkurransen på ein global marknad.

Den internasjonale utfordringa er at det norske distriktsproblemet er eit anna enn det kontinentalt europeiske. Det europeiske problemet er fattigdom; det norske er busetting. Derfor er det norske avgiftsregimet på kollisjonskurs med EUs konkurranseregime.

Den politiske utfordringa er å halda oppe distriktsinteressene som ei viktig sak på den politiske dagordenen. Teikna til nedtoning er klare: Norske parti kan leva og bløma utan distriktpolitisk vilje.

Den djupe distriktpolitikken

Det er stadig forsøk med ulike tilskot og verkemiddel. Det er debatt om det er spesielle tiltak eller den generelle økonomiske politikken som er viktigast, om brei eller smal distriktpolitikk. Men den "djupe"

distriktspolitikken har dårligere vilkår. Med det meiner eg dei verdimeslige grunngevingane for at livsformer og aktivitetar i distrikta har unike kvalitetar som krev politiske særordningar - og det i ei tid då politikken trekker seg tilbake for markedsloysingar. Det er muligens eit teikn på at både det faktiske og mytiske grunnlaget for bygdelivet er i ferd med å fortapa seg. Mista respekt, eigenverdi og verdighet.

Kva må gjerast?

Kva må gjerast? For tida er det som i folke-eventyrets goddag-mann-økseskaft. Region og regionalisering er svaret - uansett kva spørsmålet er. Akkurat som distrikt og region går ut og inn av namnet på kommunaldepartementet, skiftar stilartar og moteretningar i offentlig retorikk: landsdel, utkant, distrikt, inter-kommunalt, arbeidsmarkedsregion, pendlingsregion etc osb. Nå er det region - utan bindestrek. Ikke som eit kulturelt eller demokratisk, men som eit administrativt perspektiv på det regionale. Som Ivar Aasen sa det i "Lovtale yver Culturen":

**Her i desse Regionar
sjaa me alle Fuctionar,
Corporationar og Fractionar
av Pebeiar og Personar;
Proprietærar, Directørar,
Secretærar og Tractørar,
Revisorar, Inspectorar,
Provisorar, Controllørar,
Referentar, Aspirantar,
Recensentar, Speculantar,
Assistentar, Commandantar,
Malcontentar og Emigrantar.**

Statslojal separatisme

Julian Kramer, norsk sosialantropolog av sør-afrikansk rot, har i boka *Den norske væremåten* beskrive norsk identitet som eit produkt av stammetilhøyrighet og relativt nyvunne nasjonalt sjølstende. Kampen mot dansk og svensk overherredømme krevde ein opprinnelsesmyte om ei felles og blømande fortid, men også at samtidige likheter blei understreka og klasse- og kulturforskjellar underkommunisert. Sjø om lokal og regional tilhøyrighet er svært viktig i Norge, trugar det ikkje den nasjonale identiteten - tvert imot: Ein er norsk fordi ein er trønder eller telemarking, og jo meir gudbrandsdøl eller sunnmøring ein er, jo meir rotekte norsk er ein.

Regionalisme på norsk er derfor ikkje forstadiet til separatisme, som i Belgia eller Spania. Tvert om: Regionalisme på norsk er å gjera Norge meir norsk og regionen meir norsk enn nasjonalstaten. Regionen kan vera anti-nabo, men ikkje anti-nasjonal - i alle fall ikkje på alvor, sjø om særlig bergensarane i Gulatingsregionen gjerne låner litt frå EU-reorikken om grenseovergripande regionar. Norsk regionalisme er undernasjonal og statslojal.

Region på norsk

Kva betyr og inneber region på norsk? Det er åpenbart ikkje det same fenomenet som dei talar om på Kontinentet. Det er ikkje enkelt å overføra terminologi eller tankegang utan at det blir noe vindskeivt og lett komisk over det. Det er ulikt skalanivå på Ruhr-regionen og Søre Sunnmøre regionråd, for å seia det sånn.

Eller ta mi eiga vaksineringsverdien. Då NSB skulle fornya seg i Osmund Uelands tid, satsa dei etter mønster av dei urbane konsentrasjonane på Kontinentet. Då kunne ein høyra dette i høgtalaren på Oslo Sentralbanestasjon: "Intercity-toget frå Nordagutu kjører om et øyeblikk inn på Spor

1. Etter et kort opphold fortsetter det til Otta." Det var såpass parodisk at dei ei tid fann på eit heilt uforståelig namn på toget mellom Skien og Lillehammer. Før dei klokelig og forutsjåande nok omdøypde det til regiontog.

Nå kastar alle seg på regiontoget for ikkje å bli ståande att på perrongen. Oppgavene vil sikkert skapa mindre strid og folkelig engasjement enn grensene og namna når fylke skal splittast opp og slås saman. Fylka kan vera litt historisk tilfeldig samanraska og fylte med indre spenningar. Dei kan godt vera "innbilte fellesskap", men som Marx sa: Mennesket skaper sine omgivnader, men sidan skaper dei oss. Eller min sosiologiske husgud, W.I. Thomas: "If people define situations as real, they are real - in their consequences".

Ingen inndelingar er i og for seg naturlige, men dei blir "kulturelle" gjennom historie og felles institusjonar. Og det er mest underlig at dei karta professor Tor Selstad på Lillehammer har teikna over framtidig region-inndeling for KS, stort sett følgjer grensene for dei gamle sifamta. Mens andre sine visjonar om større kommunar minner om prostia.

Her i Møre og Romsdal er fogderi-grensene ein del av den grunnleggande identitets-grammatikken. Men ikkje alle heve fengje sin heim mellom bakkar og berg ut med havet på Sunnmøre heller. Alle som har lese sin Mykle veit at det er snakk om to stammar: innstammen og utstammen. Og slik er det både oppover og nedover Vestlandet. I Sogn går grensa i Balestrand. Vårherre stod og står mye svakare innanfor enn utanfor. I Hordaland skal det meir enn ei bru tilk for å sameina Bømlo og indre Hardanger. Og det er lang kulruell reisetid mellom den bløde kyststriba på Sørlandet og dalstrøka innafor.

Moderate kortskallar

Det finnest ein luguber vitskapstradisjon i Norge som har prøvd å forklara desse forskjellane på rasemessig grunnlag. På slutten av 1800-talet lanserte landets første valforskar, Andreas Hansen, ein teori om "langskallar" og "kortsallar" for å forklara regionale forskjellar i valresultat. Langskallane var lyse, høge, frisinna og framstegsvennlige. Kortsallarane var små, mørke, strenge og bakstreverske. Langskallane dominerte i fjellbygdene og indre fjordstrøk, hadde Johan Sverdrup som sin helt og røysta radikalt på Reine Venstre. Kortsallarane i kyststrøka på Sør- og Vestlandet heldt seg til det kulturkonservative Moderate Venstre og hovdingen Lars Oftedal.

Då Nils Kjær ved førre hundreårsskifta skildra den skræmelige og kuldegufsande, mørke og sture Vestlandsfanden som steig over Langfjella og kom vassande nedover Karl Johan for å forby alkohol og kasta dansk-norsken på havet, var det rimeligvis ein kortsallale han såg for seg. Etter det har austlendingar knapt klart å skilja ulike vestlandskulturar frå kvarandre, og deira bilde av Vestlandsfanden gjer dei blinde for å sjå anna enn sine egne fordommar.

Valforskarane har kome lenger. I sin vidgjetne artikkel i Syn og Segn for 50 år sidan - "Noko om skilnaden mellom Austlandet og Vestlandet" - introduserte Gabriel Øidne kulturelle mål i staden for skallemaal, men det politiske og geografiske skillet var som hos Andreas Hansen. Han fann at Kristelig Folkeparti sto sterkast i dei strøka der Moderate Venstre hadde hegemoniet 50 år tidligare. Det tolka han som utlag av varig styrke i "motkulturane": bedehus, fråhald og landsmaal. Dei motkulturelle hadde mistru både til prestane og dei gudause. Dei frykta kultur-radikalarane, men også dei rike og mektige som sat i styre og stell - embetsmennene og statsmakta. Det er i tråd med Stein Rokkans klassiske bilde av periferien si mistru mot sentrum - både det geografiske, administrative, sosiale, kulturelle og næringsmessige sentrum. Og det kan trygt leggest til at forholdet var gjensidig: Sentrum var full av forakt for dei i periferien.

Impertinente folk

Skilnaden mellom aust og vest kan sikkert førast tilbake til Harald Hårfagre og Hafrsfjord og maktkampen mellom Viken og Vestlandet. Elitens mistru til bondefolket er heller ikkje ny. I dagboka frå Eidsvoll i 1814 var ikkje slottsprest Pavels særleg vennlig stemt mot bondehovdingen Theis Lundegaard frå Lista: "Theis Lundegaard er en yderst impertinent Karl, og kunde vist, naar han stillede sig i Spidsen for en Bondeopstand, blive en farlig Person." Wergeland senior var ikkje meir vennlig innstilt mot Theis, "en Mand, der syntes at have alle Listerlandets brølende Havstorme i sit Bryst, høirøstet og ildsk i Hu". Han var også eit døme på "hvor lidet den naturlige Talfrihed forlod den norske Bonde imellom hans fornemmere Kolleger i Rigsforsamlingen." Theis var sjølsikker, respektlaus og snakka makta midt imot.

Eller ta Søren Jaabæk, ein av dei mest originale og sentrale politikarar som dette landet har fostra. Han var ein stor organisasjonsbygger med brei støtte hos Bondevennene - si tids "folk flest". Han var modernist på noen felt og tradisjonalist på andre. Han var ein belest mann, men bygdeskeptisk til dei fremmende. Han var opposisjonell, anti-elitistisk og anti-byråkrat. Han sto for "sparsommelighed i statshusholdningen" og ville vera liberalist, men han i noen saker var han meir enn villig til å la dalaren gå: Han var til dømes fanatisk opptatt av vegar - når dei var til beste for folk flest. Han var ikkje mot framsteg, men bøndene skulle styra framstega. Når embetsmennene ga han utnamnet Neibæk, var det fordi han konsekvent røysta mot statspensjon til enkene deira. Han var mot dei der oppe og dei der inne. Han går inn i den folkelige tradisjonen der periferi står mot sentrum og folk flest mot eliten og folkevettet mot ekspertisen.

FREMSKRITTSKODEN

Då er eg komen til den tredje koden: Fremskrittskoden. For å knekka den må Fremskrittspartiet tolkast inn i denne anti-elitistiske, uærbødige, frihetlige og sjølrådige tradisjonen i norsk politikk - den folkelige eller populistiske, som også var kongetru og blei statsvennlig. Den har klangbunn både til høgre, til venstre og i sentrum - eller rettare sagt: i periferien av det norske politiske etablissementet. Sjølve merkelappen "populisme" blei først tatt i bruk på slutten av 60-talet som noe positivt av Ottar Brox og felagane hans - som lokal periferi-fornuft i motsetning til det teknokratiske og sentralstyrte. Nå er Fremskrittspartiet, som var eit EU-vennlig byfenomen med noen bygdetullinga i tillegg, i ferd med å overta den breie periferiplassen i motsetnaden mellom sentrum og periferi - både sosialt og geografisk.

Fremskrittspartiet har tatt Høgrefolk i Viken, gamle dagars Venstrefolk på Sørlandet, og Arbeiderpartifolk i Nord-Norge kan stå for tur. Og så er dei i ferd med å feia over Vestlandskysten. Ved valet i 2005 var Fremskrittspartiet jamstort med Arbeiderpartiet i Møre og Romsdal, men på Sunnmøre var det størst i 15 av 17 kommunar - og aller størst på Søre Sunnmøre. Vekkelsen har ramma både pensjonistar, fiskarar og møbelentreprenørane sine eftf. Både bedehusas Israelsvennlige fråhaldsfolk og dei som vil ha åpne kraner.

Fremskrittspartiet sin triumf er at det har løyst den politiske sirkelens kvadratur. Det framstår som ein opposisjonell regnbogekoalisjon som spenner over heile det sosiale, politiske og geografiske spekteret. Det er eit retorisk Kinderegg av Liberalisme, Etatisme og Populisme. Når dei skal få dette til å henga saman i posisjon, og når dei forstår sin historiske posisjon, kan det koma mye forvitnelig ut av det. Det er mye Fremskrittspartiet ennå ikkje har oppdaga at dei kjem til å meina. Det er mye Fremskrittspartiet ennå ikkje veit at dei er for - eller mot. Kva det blir, er ikkje godt å seia, men det kan vera grunn til å minna om Ivar Asens "Fals og Fusk":

**Med Fals og Fusk er Verdi full,
og mangt eit Korn læst vera Gull;
men naar ein ser det nærre.
so var det verdt eit mindre Rop:**

**d'er berre Graastein alt i Hop,
og stundom nokot verre.**

**Um Framgang er no myket rødt,
alt nytt skal vera Framgang stødt,
men naar ein ser det nærre,
so gjeng det ymist att og fram:
det eine fær ein betre Ham,
det andre verder verre.**

Verdighet for folk flest

Dette er Fremskrittspartiets tilbudspakke - slik det sto på ein løpesetel eg fekk i Bekkjarvik i Austevoll, der partiet er suverent størst og har ordføraren: "Vi vil gi folk flest verdigheten tilbake." Partiet gir folk flest rett i at det er grunn til å vera bekymra over at politikarar og byråkratar fjernar seg frå deira liv. Det har erobra stadig nye provinsar av den folkelige fornuften. Det har tatt hand om allminnelige menneskes baling med nåtida, uro for framtida og nostalgi om fortida - i bygd og by. Det talar både til dei som saknar det sikre i den gamle grenda og til dei som ikkje har nok armslag i den nye bygdebyen.

Summen av individuell valfridom og rettferdighet etter innsats og moralsk forteneste er personlig verdighet, og det er få trengande som ikkje er verdige i eigne auger. Fremskrittspartiet gir folk flest rett i at det er "dei der inne" og "dei der oppe" sitt ansvar når det ikkje går dei så godt som det burde i verdens rikaste land. Det er kanskje grunt, men det samlar både driftige gründarar og klagande grundarar. Dei har klart å forena taparar og vinnarar med same sinn, og i same sinne, ved å gjera seg til talerør for alle som føler seg urettferdig behandla eller hemma i si utfolding av systemets ibuande faneskap. Partiet sine talsmenn sparkar oppover mot myndigheter og det offentlige, men dei sparkar også nedover mot innvandrarar, unnalurarar og snyltarar med offentlige puter under armane.

Firefeltstabellar er samfunnsforskingas mest synlige bidrag til å strukturera den norske tenkemåten, og firefeltsbabbellen over alle firefeltstabellar er Norsk Monitors kart over verdilandskapet. Ut frå dei to dimensjonane materialistisk-idealisk og tradisjonell-moderne kan Ottar Hellevik og MMI plassera kva det måtte vera, og kven det måtte vera, i ein av fire båsar: moderne materialistar, tradisjonelle materialistar, moderne idealistar og tradisjonelle idealistar. Mens andre parti er innestengt i ein av båsane, kan veljarar frå alle båsar oppfatta Fremskrittspartiet som det rette for seg. Og dei kan finna kvar sine identifikasjonsobjekt i spennet mellom det kristenmoralske hos salig John Alvheim, det proletære hos Per Sandberg og det påståelige hos Siv Jensen. Nå kan dei også fri seg frå det høgnasa hos Carl I. Hagen.

Det nye distriktspartiet

Etter utrenskinga av dei unge liberalistane på Dolkesjø i 1993 ga Carl I. Hagen opp "forsøkene på å holde en akademisk, ideologisk høy profil for å vinne velgere i den lille gruppen høyt utdannede og velstående personer i Oslo Vest." Oslo er blitt partiet sitt svakaste fylke, mens det har ete seg stort og feitt nedover langs Oslofjorden og rundt kysten heilt til Møre og vel så det. Det er blitt eit lågstatusparti og eit distriktsparti. Med stor respekt for danseband, grilldress og Grandiosa - folkets favoritt.

Det nye arbeiderpartiet er ingen ueffen merkelapp på Fremskrittspartiet. Like under Hagens blanke og autoritære overflate er partiet anti-elitistisk og folkelig så det forslår, og "folkelighet" er ein grunnleggande verdi i norsk politikk. Partiet har mye av det same sosiale veljargrunnlaget som Arbeiderpartiet hadde i velmaktsdagane. Det har styrka seg kraftig i den sosiale periferien og den geografiske utkanten. Etter at dei tilfeldige "bygdetullingane" i bygd og by stort sett er utrydda av eit strigla partiapparat, har Fremskrittspartiet avla fram solide dokumentlesarar med oversikt på sine

saksfelt. Dei er omtrent der Arbeiderpartiet sine folk var då dei blei møtt med hån og mistru av dei etablerte. Som Per Sandberg sa i eit intervju med Sjøfarten: "Det gikk en faen i meg. Jeg skulle bevise at jeg dugde."

Per Sandberg har fagbrev som prosessoperatør, jobba 17 år i papirindustrien i Norske Skog i Skogn og har vore tillitsmann i Fellesforbundet. "Jeg har jo en tilhørighet til arbeiderklassen. Til det breie lag av folket. Det er jeg stolt av." Som nestleiar i partiet og leiar av Storingets transport- og kommunikasjonskomite skal han nå leggja ut på det han sjøl kallar ei "signingsferd" på kryss og tvers, land og strand rundt. Han kjem trulig til sine egne, og han vil nok lova dei både bru og tunnell - utan bompengar.

Så neste fase for Det nye Arbeiderpartiet kan godt bli Det nye Distriktpartiet. Deira sterkaste kort er at dei har ikkje hatt makt, slik dei andre partia har hatt. Derfor vil mange meina at det er rettferdig at dei får prøva seg. Politikarmistru trivst godt i mange krinsar. Jostein Nerbøvik fann anti-parlamentariske straumdrag både til høgre og venstre.

Ordføraropprøret

Nøtta for Fremskrittspartiet er det kommunale nivået og dei som veit best lokalt. Partiet har vore mot dei klagande og misnøgde distrikta. Nå som det har fått så mange veljarar der, må det også gje dei noe tilbake. Partiet må få seg ein politikk for distrikta, og den kan gjerne kosta statlige pengar. Det må koma inn eit lokalistisk perspektiv, for til nå har Fremskrittspartiet vore eit sentralistisk parti - mot sin eigen logikk, og mot den tradisjon det kan skrivast inn i. Eg minner igjen om "Fals og Fusk", tredje verset:

**Av Fridom skrøyter mangein Mann,
og fagre Ord han tala kann,
men naar det kjemer nærre,
so vil han litet Fridom sjaa,
og kann han Vald i Grenmdom faa,
har verd ein strenger Herre.**

Me som alltid har kritisert Fremskrittspartiet i ord og gjerning og villa det alt vondt, er blitt skuffa igjen og igjen. Nå set me vår lit til eit komande ordførar-opprør, for partiet er i ferd med å bli ei uekte legering av sentralisert medieparti og desentralisert kommuneparti som bygger seg opp med grundig organisasjonsarbeid og lokale entusiastar. Ordførarane kan ikkje i lengda finna seg i å vera marginal kakepynt i eit parti som vil strupa lokalt handlingsrom i ei tvangstrøye av individuelle og lovfesta rettar som skal fastsetjast sentralt og betalast etter stykkpris av staten - uberørt av kommunale hender og hoder. Om Fremskrittspartiet ikkje klarer å knekka den nøtta, vil det gå dei ille i gamle grendi. Dei kan koma til å stå der, "heimlaus, fredelaus og litet kjend, og likar paa Leiken illa".

ETTERSTEV

Dette var mitt forsøk på å koplå tre kodar og knekka dei under eitt:

Korfor Sunnmøre blir overtatt av Fremskrittspartiet.

Kordan framstegsbodskapen om sjølstendige og frie val passar med den nye og privatiserte bygdekvardagen. Og kordan den også kan vevast inn i den folkelige og regionale skepsisen til sentrum og elite i den norske periferien.

Det er vel med Fremskrittskoden som med Da Vinci-koden. Dei har liksom avslørt noe dei mektige vil halda hemmelig. Ein konspirasjon mot folket. Skreddarøkonomane som løyner oljefondet, mens den

oppsternasige vesle guten seier at keisaren er naken. Den guten er vel ellers son til Kjerringa mot straumen. Og som med alle konspirasjonsteoriar a la Per Aslak Ertresvåg og Dan Brown og Carl I. Hagen: Dei er kanskje ikkje til å ta heilt på alvor, men folk flest tenkjer likevel sitt: Det er nok ein flik av sanning i det.

Og for det regionale: Kordan region er blitt svaret for tida - uansett kva spørsmålet er. Derfor er det eit farlig svar som kan skapa endå større skepsis til politikk og politikarar. Og i neste omgang nye framsteg for Fremskrittspartiet.

Men eg håpar jo at eg tar feil. Derfor finn eg det rimelig å slutta med siste vers av Ivar Aasens "Etterstev", det som begynner med "Til Lags aat alle kan ingen gjera":

**Og dermed vilja me endaa vona,
at langa Tider maa myket sona,
at eingong Sanning skal vinna lett,
at eingong Folket skal faa sin Rett.**

Men eg veit ikkje. Det er ikkje lett å spå om Fremskrittspartiet. Eg har prøvd i over 30 år, og det har stort sett vore like mislykka heile tida. Det var kanhende meg Ivar Aasen skreiv om i siste vers av "Fals og Fusk":

**Og mangein Gut læst vera klok
og skriver stort i Blad og Bok,
men naar du ser det nærre,
so er det litet Gagnet i,
og skal du fara etter di,
so fer du fulla verre.**

Takk for meg.
Og takk til Ivar Aasen.